

OSLO HØGRE

Bystyreprogram 2015-2019

Kjære veljar

Oslo er den vesle storbyen blant hovudstadene i Europa. Vi er stolte av dei endringane Oslo har gjennomgått dei siste åra. Det som før var ein industriby med fråflytting og stillstand, er no ein storby med tilflytting og sterk vekst. Vi har Noregs beste skule og ein populær kollektivtrafikk som fører til reduksjon i bilbruken. Fjorden møter byen der det før var barrierar som hindra oss i å bade, fiske og bruke fjorden.

Museum, galleri, konsertar og teater gir oss eit mangfald av kulturopplevingar som vi før måtte ut av landet for å få. Entreprenørar og innovatørar som har stått bak industri- og teknologieventyr i heile Oslos historie, skal også i framtida prege byen og vere ein motor for gründerskap og verdiskaping. Vi som bur her, og dei som kjem hit for å skape seg eit liv, har gode utsikter til å gjere framtida betre for seg og familien sin.

Inkludering, likeverd og likestilling skaper det mangfaldige Oslo. Det er desse grunnleggjande verdiane som sikrar ein open by der alle kan delta. Vi er optimistar på vegner av Oslo, og dei neste fire åra vil vi fornye, forandre og forbetre byen. Slik skal den vesle storbyen bli endå betre for oss som bur her.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for at Oslo skal vere ein betre by for oss som lever her, er

- å sørge for at dei kommunale teneste- og velferdstilboda for innbyggjarane har høg kvalitet
- å medverke til valfridom og moglegheiter slik at vi kan skape det beste for våre nærmaste
- å sørge for at næringslivet har dei beste vilkåra for nyskaping og vekst

I dette programmet peiker vi ut retninga vi ønskjer at byen skal utvikle seg i. Saman skaper vi det gode livet i Oslo i framtida.

Hjarteleg helsing Fabian og Stian

Vedteke på Oslo Høgres årsmøte

Innhald

Kunnskap og læring heile livet	7
Barnehagar for læring og kunnskap	8
Den beste skulen i Europa	10
Eit fullført skuleløp	12
Eit løft for yrkesfaga	13
Kamp mot mobbing	14
Den attraktive studentbyen	15
Verdas mest miljøvennlege storby	17
Framtidsretta kollektivtrafikk	18
Grøn byutvikling	19
Klima- og energivennlege bygg	20
Ein sykkelveg by	21
Meir miljøvennleg bilkøyring	22
Blågrøne Oslo	24
Moderne og berekraftig avfallshandtering	25
Tryggleik i kvardagen	27
Eit politi som er til stades	27
Ein god oppvekst for barn og ungdom i byen	28
Trygge og reine byrom	29
Livskvalitet og moglegheiter heile livet	31
Førebygging og folkehelse	32
Helsehjelp når du treng det	33
Valfridom og kvalitet i eldreomsorga	34
Tidleg innsats for god psykisk helse	35
Ei betre rusomsorg	36
Eit barnevern som spelar på lag med barna og familiare	38
Raskare ut i jobb	39
Betre integrering gjennom toleranse og krav	40
Smart by	43
Eit skapande og konkurransedyktig næringsliv	44
Eit levande bysentrum	45
Robuste bydelar	46
Ein effektiv og brukarvennleg kommune	47
Aktiv arbeidsgivarpolitikk	49
Ein by rik på opplevingar	51
Kulturopplevingar for alle	52
Den aktive byen	53
Hovudstaden	55

Kunnskap og læring heile livet

Kunnskap og utdanning er ein grunnleggjande føresetnad for at kvar og ein av oss skal vere i stand til å stå på eigne bein og forsørgje oss sjølv. For å finne dei gode løysingane på utfordringane i samfunnet, anten det handlar om miljø, helse, tryggleik, innovasjon eller næringsliv, må vi ha tilgang på utdanning og læring gjennom heile livet.

Oslo-skulen skal medverke til at alle elevar kan realisere draumane og ambisjonane sine uavhengig av sosial bakgrunn. Vår skule skal kunne måle seg med dei beste skulane i Europa frå barneskule til studiespesialisering eller yrkesfag.

Ei satsing på læring og kunnskap i barnehagen er nødvendig for å sikre at alle barn som veks opp i Oslo, får like sjansar ved skulestart. Å sørge for at alle barn som begynner på skulen, kan snakke godt nok norsk til å følgje undervisninga, er det viktigaste barnehagane kan gjere for å gi barna våre ein god start i livet.

Oslo skal vere ein attraktiv by som unge menneske frå resten av landet og heile verda kjem til for å studere. Oslo-skulen skal ha eit tettare samarbeid med næringsliv, høgskular og universitet i byen, blant anna gjennom spesialiserte vidaregåande skular innanfor realfag og språk. Nye Deichmanske hovudbibliotek og Munch-Stenersen-museet skal vere kultur- og kunnskapsbygg som alle i byen kan bruke for oppnå læring og inspirasjon.

For å bidra til meir kunnskap og læring vil Oslo Høgre

- sørge for at alle barn har gode føresetnader for å lære når dei begynner på skulen
- rekruttere landets beste lærarar og personell til Oslo-skulen og Oslo-barnehagen
- redusere fråfallet i den vidaregåande skulen
- tilby undervisning og opplæring tilpassa den enkelte eleven

Barnehagar for læring og kunnskap

Læring og leik i barnehagen dannar grunnlaget for at barna skal lykkast i skulen. Innsatsen mot fråfall i skulen begynner allereie i barnehagen. Sjølv om dei aller fleste barna i Oslo har gått minst eitt år i barnehage, manglar meir enn kvar fjerde elev tilstrekkelege norskdugleikar til å kunne følgje ordinær undervisning når dei begynner på skulen. Mange barn vil få eit betre utgangspunkt dersom dei går lenger i barnehagen og får systematisk læring og språkutvikling, men vi understrekar at barn skal få vere barn, og at leiken framleis skal vere ein sentral del av barnehagen.

Barnehage er, og skal vere, eit frivillig tilbod. I Oslo ser vi likevel at barnehagen kan medverke til at minoritetsbarn får betre forståing av norsk språk og kultur. I Groruddalen, Gamle Oslo og Søndre Nordstrand får fire- og femåringar derfor gratis timar i barnehagen for å betre norskkunnskapane hos barn med eit anna morsmål enn norsk. Evalueringar viser at dette verkar, og at gratis tid i barnehagen har positiv innverknad på skuleresultata til barna. Oslo Høgre vil senke terskelen slik at også barn under fire år kan få gratis tid i barnehage, og vi vil vurdere å innføre ordninga over heile byen.

For å styrkje barnehagane vil Oslo Høgre derfor

- innføre konkrete dugleiksmål i norsk i barnehagen
- språkteste elevar før skulestart og styrkje norskopplæringa til barna som treng det
- utvide den statlege ordninga med gratis kjernetid i barnehagen til å gjelde barn mellom tre og fem år og gjere ordninga byomfattande, men behovsprøvd etter inntekta til foreldra
- sikre at fleire barn enn dei med lovfesta rett får plass i barnehage
- stille krav om at alle tilsette i barnehagane, inkludert vikarar, har tilstrekkelege norskkunnskapar
- utvide femårskontrollen på helsestasjonane for barn som ikkje går i barnehage
- søkje staten om å få ansvaret for kontantstøtta, slik at vi kan sjå ytinga i samanheng med andre tenester retta mot barnefamiliar
- vere open om kvaliteten i den enkelte barnehagen
- utarbeide felles retningslinjer for pedagogisk opplegg, måling og sikring av kvalitet og krav til tilsette for barnehagane i byen
- sikre ein god uavhengig tilsynskontroll av kvaliteten i barnehagane
- tilsetje meir faglært arbeidskraft i barnehagane
- utarbeide leiarutdanning for styrarar og mellomleiarar i Oslo-barnehagen
- gjennomføre introduksjonskurs for barnehagetilsette etter modell av introduksjonskurs for nytilsette i Oslo-skulen

Den beste skulen i Europa

Oslo-skulen er den beste skulen i landet og skal utviklast vidare til å bli ein skule som kan måle seg med dei beste i Europa, både i grunnskulen og innanfor yrkesfag og studiespesialisering. Elevane skal møte ein skule som gir dei sjansen til å utnytte potensialet sitt, og som skaper føresetnader for å lykkast i ei globalisert verd. Samtidig skal skulen stille krav til at elevane respekterer kvarandre, lærarane og ordensreglane, slik at alle får eit best mogleg læringsmiljø. For at kvar enkelt elev skal kunne bli best mogleg, er det viktig at elevane får tilpassa undervisning. Derfor vil vi gi elevane rett til å velje mellom ulike nivå på undervisninga i basisfaga norsk, engelsk og matematikk.

Mangfaldet i Oslo-skulen er ein styrke, og skulane i byen skal ha fridom til å byggje sin eigen pedagogiske profil. Vi vil halde fram med å måle dugleikane til elevane og vere opne om resultatata skulane oppnår, fordi det gjer det mogleg å målrette innsats og ressursar der vi treng det. Lærarane er den viktigaste ressursen i skulen. For å utvikle Oslo-skulen vidare må vi derfor tiltrekke oss dei beste lærarane og dei flinkaste rektorane gjennom å tilby utfordrande arbeidsoppgåver, gode arbeids- og lønnsvilkår og høve til etter- og vidareutdanning.

Foreldre og føresette er dei viktigaste medspelarane for at barna skal lykkast i skulen. Vi er derfor opptekne av eit tett samarbeid mellom skule og heim som forpliktar begge partar.

Sommarskolen er eit populært tilbod som kombinerer læring og aktivitet. Vi vil utvikle Sommarskolen vidare med nye tilbod, aktivitetar og samarbeidspartnarar. Aktivitetsskolen er eit viktig tilbod etter skuletid, men kvalitet og trivsel kan variere. Vi skal sørge for at aktivitetsskolen medverkar meir til læring og dugleiksutvikling hos barna.

For å gjere Oslo-skulen til ein av dei beste i Europa vil Oslo Høgre derfor

- gi elevane rett til nivåval i undervisninga i basisfaga norsk, engelsk og matematikk
- etablere ei ordning der treårig studiespesialisering kan gjennomførast på to år
- gjennomføre eit forsøksprosjekt med karakterar frå femte klassesteg
- innføre obligatorisk etterutdanning for skuleleiarar og pedagogisk personale
- at elevar som ikkje oppnår målsette dugleikar, alltid får ekstra undervisning slik at dei kan meistre neste nivå
- etablere eigne vidaregåande skular som satsar på realfag, språk og økonomi, etter modell frå toppidretts gymnasa, og i samarbeid med kulturlivet gi individuelt tilpassa undervisning til talent innan kultur
- innføre resultat- og prestasjonsbaserte lønningar for lærarar
- ha eit strengt ordensreglement i Oslo-skulen og gi læraren handlingsrom til å handheve det
- gi elevar i ungdomsskulen høve til å forbetre eksamenskarakterar gjennom å ta eksamen på nytt
- greie ut eit tilbod om kveldsskule for elevar som ønskjer det
- føre vidare ordninga med andre framandspråk frå femte klasse
- gi elevane høve til å ta vidaregåande skule i utlandet gjennom å kjøpe skuleplassar i Europa
- gi betre høve for elevar til å ta eitt år av vidaregåande utdanning gjennom utveksling i utlandet
- innføre anonym retting av heildagsprøver på ungdomsskular og vidaregåande skular
- innføre ei øvre fråværsgrænse i den vidaregåande skulen og følgje opp elevar i faresona
- styrkje samarbeidet med frivillig sektor for å sikre betre leksehjelp og andre aktivitetar etter skuletid
- gjennomføre ei prøveordning med eksamen før 17. mai
- gjere skriftleg sidemål valfritt
- leggje til rette for at eksterne ressurspersonar utan pedagogisk kompetanse kan undervise i enkelttimar dersom det skjer i samarbeid med faglæraren
- auke timetalet med symjeundervisning, slik at alle elevar blir symjedyktige seinast innan utløpet av fjerde klassesteg
- gi elevane i Oslo fleire undervisningstimar i veka frå første til tiande klassesteg
- stille krav til at alle tilsette i aktivitetsskulen, inkludert vikarar, har tilstrekkelege norskkunnskapar, og sikre at norsk er arbeidsspråk i barnehagane og aktivitetsskulen
- at fleire elevar i Oslo-skulen tek fag og emne på høgskular og universitet

Eit fullført skuleløp

Eit godt læringsmiljø som motiverer, stiller tydelege krav og utnyttar potensialet i kvar enkelt elev, er avgjerande for å sikre at flest mogleg fullfører skulegangen. Fråfall i skulen har store kostnader for den enkelte eleven og for samfunnet. Målet er at alle som begynner på vidaregåande skule i Oslo, skal fullføre skule- og utdanningsløpet.

For mange ungdommar er sommarjobb ein viktig innfallspor til seinare lærlingplass, og for å halde motivasjonen oppe til å fullføre skuleløpet. Dei kommunale verksemdene bør derfor tilby sommarjobb til fleire elevar.

For å sikre at fleire fullfører skulen og greier eksamen, vil Oslo Høgre derfor

- setje inn ressursar til spesialundervisning i skulen så tidleg som mogleg, slik at alle elevar får dei beste sjansar til å fullføre heile skuleløpet
- styrkje samarbeidet mellom skule og næringsliv gjennom heile utdanningsløpet
- at lærarane skal ha raskare og tettare oppfølging av elevane ved fråvær
- bruke rollemodellar og mentorar som kan motivere og inspirere elevar
- vidareutvikle og styrkje dei gode samarbeidsprosjekta mellom Oslo-skulen og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP)
- utvide sommarjobbprosjektet til å gjelde fleire av kommunens verksemder, og oppfordre private verksemder til det same
- samle rådgivingstenesta i ungdomsskulen og på vidaregåande skule i større team for å heve kvaliteten – alle elevar skal få rettleiing på sin skule av kvalifiserte rådgivarar
- innføre ei sertifiseringsordning av rådgivarar i Oslo-skulen, og stille krav til at alle rådgivarar gjennomgår denne
- ta initiativ til å bli pilotkommune innanfor realfagssatsinga

Eit løft for yrkesfaga

Behovet for yrkesfagleg kompetanse i norsk arbeidsliv er stort. Talet på elevar som vel yrkesfag, har i mange år vore for lågt, og det er viktig at vi snur denne trenden. Samarbeid mellom skulen og næringslivet, som på Kuben yrkesarena, må brukast som utgangspunkt for nye yrkesfagsskular og for å gjere eksisterande skular betre.

Vi vil ha fleire utvekslingsprogram for yrkesfagelevar i Oslo for å motivere fleire til å fullføre skuleløpet og heve kvaliteten på undervisninga. Oslo-skulen må vere ein attraktiv og interessant arbeidsgivar som trekkjer til seg dei beste yrkesfaglærarane.

For å gi fleire ungdommar lærlingplass må Oslo kommune bruke styrken sin som innkjøpar og byggherre til å sikre fleire lærlingplassar i eigne og andre sine verksemder.

For å styrkje yrkesfaga i Oslo-skulen vil Oslo Høgre derfor

- at alle kommunale verksemder som hovudregel skal ha lærlingar
- at Oslo-skulen skal rekruttere fagfolk ved å tilby dei pedagogisk utdanning som sikrar dei fast tilsetjing
- utvide ordninga med alternative skuleløp som gir elevane større fleksibilitet i vekslinga mellom skule og praksis
- stille krav om lærlingplassar i anbodskonkurransar når kommunen kjøper tenester
- etablere ei ordning der fagfolk kan få jobb som yrkesfaglærarar i Oslo-skulen
- at yrkesfaglærarar får høve til å hospitere i næringslivet
- at undervisninga i basisfaga er mest mogleg yrkesretta
- opprette utvekslingsprogram mellom skule og næringsliv
- innføre obligatorisk eksamen for yrkesfagelevar første året på vidaregåande

Kamp mot mobbing

Mobbing kan skade eit menneske for livet og skal ikkje akseptrast i Oslo-skulen eller i barnehagane våre. God klasse- og skuleleiing er viktig i kampen mot mobbing, og lærarane må derfor gripe tidleg inn når mobbing blir oppdaga. Andre frivillige tiltak og førebyggjande arbeid er også viktig i kampen mot mobbing. Elevundersøkingar viser at mobbinga i Oslo-skulen går ned.

I alvorlege mobbesaker ser vi altfor ofte at det er mobbeofferet som blir nøydd til å byte skule. Vi vil at løysinga i dei alvorlege mobbesakene alltid skal vere basert på kva som er enklast og best for offeret. Det er ikkje den som blir mobba, som skal bere konsekvensane av mobbeåtferda, men den som mobbar.

For å motverke mobbing vil Oslo Høgre derfor at

- alle skulane og barnehagane skal ha ein strategi for kamp mot mobbing og nulltoleranse for mobbing
- det er mobbarane som skal byte skule, ikkje mobbeoffera
- alle tilsette i Oslo-skulen og Oslo-barnehagen skal ha kompetanse om korleis ein førebyggjer, avdekkjer og motverkar mobbing og grip inn tidleg ved bekymringsfull åtferd

Den attraktive studentbyen

Høgare utdanning er først og fremst eit nasjonalt ansvar, men vi vil at Oslo skal vere ein god by å studere i. Oslo bør stimulere og leggje til rette for eit godt internasjonalt studentmiljø fordi det gjer byen vår rikare. Gjennom å tilby god kollektivtrafikk, eit rikt kulturtilbod og eit godt og moderne tenestetilbod skal vi gjere det attraktivt å studere i Oslo. Oslo-skulen skal dra nytte av at fleire av landets beste utdanningsinstitusjonar ligg i byen vår. Vi ønskjer eit tettare samarbeid mellom Oslo-skulen, Fagskulen og byens universitet og høgskular.

For å gjere Oslo til ein endå betre studentby vil Oslo Høgre derfor

- medverke til at det blir bygd fleire studentbustader, helst nær kollektivknutepunkt
- gi studentbustader unntak frå enkelte kommunale normer og retningslinjer
- at Oslo kommune opprettar traineeordningar i verksemdene sine
- invitere studentsamskipnaden i Oslo og Akershus og studentdemokratia, Velferdstinget og Norsk studentorganisasjon til å vere høyringsinstans og samarbeidspartnar for kommunen gjennom eit studentråd

Verdas mest miljøvennlege storby

Oslo skal vere verdas mest miljø- og klimavennlege storby. Når vi tek vare på det lokale miljøet, reduserer vi også det globale klimafotavtrykket vårt. Det må vere enkelt for oss alle å gjere gode miljøval i kvardagen. Oslo skal ha rein luft som alle kan puste i, og vi skal ta vare på marka, parkane i byen, grøntområde, vatn og fjorden. For å gi vårt bidrag til å løyse den globale klimakrisa skal Oslo kutte klimagassutsleppa med 50 prosent innan 2030, og byen skal vere karbonnøytral innan 2050.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for betre transport og miljø er

- å byggje ut kollektivtrafikken
- at fleire vel å sykle og gå i det daglege
- at bustader og næringsbygg oppfyller høge energi- og miljøkrav
- at bustadbygging primært skal skje i nærleiken av kollektivknutepunkt
- at avfall går til anten resirkulering eller energigjenvinning
- at fossile energikjelder til oppvarming blir fasa heilt ut
- å redusere tungtransporten gjennom Oslo

Framtidsretta kollektivtrafikk

Bilkøyring og annan vegtransport er den største enkeltkjelda til klimagassutslipp i Oslo. Bilkøyring skaper også helsefarleg lokal luftforureining, særleg på kalde dagar om vinteren. Kollektivtrafikken er derfor det viktigaste verkemiddelet for eit betre bymiljø og for reduserte klimagassutslipp. Befolkningsveksten i Oslo skaper nye transportbehov. Derfor må veksten i persontrafikken skje gjennom kollektivtrafikk, sykkel og gange. Ein moderne kollektivtrafikk vil også redusere tida innbyggjarane bruker i bilkø og gjere kvardagen lettare for alle.

For å byggje ein kollektivtrafikk for framtida vil Oslo Høgre derfor

- setje i gang bygging av bane til Fornebu og Ahus så raskt som råd
- velje trasé og starte planlegginga av ny T-banetunnel som skal leggjast mellom sentrum og T-baneringen
- at nye skinnegåande trasear blir bygde som T-bane eller jernbane
- byggje eit tverrsamband for å kople saman Grorud- og Furusetbanen med jernbane ved Nyland eller Grorud stasjon
- greie ut om det er mogleg å opprette eit S-banenettverk (ein hybrid av tog og T-bane) i Oslo-regionen etter modell frå København og Berlin
- fornye og forbetre signalanlegget på T-banen
- gå til innkjøp av moderne og støysvake trikkar
- at alle Ruters bussar i byen skal vere klimanøytrale innan 2020
- gjere det lettare for bussane å komme fram i byen, blant anna ved prioritering i lyskryss
- ha hyppigare avgangar på nattbussane og utvide tilbodet til studentbyane
- auke kapasitet og talet på avgangar på dei mest nytta busslinjene
- prøve ut fleire rutebåtferjer som kan ta folk sjøvegen i Indre Oslofjord
- arbeide internasjonalt for å implementere regelverk og tidspunkt for innfasing av landstraum for ferjer og skip
- redusere avgiftene for skip som bruker landstraum når dei ligg til kai
- leggje til rette for trygg sykkelparkering (bike & ride) ved kollektivknutepunkt i ytre by
- vere ein pådrivar for at Ruter og NSB etablerer fleire innfartsparkeringsplassar i samarbeid med Akershus fylkeskommune

Grøn byutvikling

Oslo er ein by som veks i rekordfart. Denne veksten gir rom for ei foredling av Oslos særpreg og gode bumiljø, og gjer det mogleg å vidareutvikle byen og gjere om gamle industriområde til nye, moderne og miljøvennlege bustadområde. Nye utbyggingar skal leggje vekt på å skape gode byrom og møteplassar med variasjon og kvalitet. Det må byggjast meir urbant, høgt og tett der infrastrukturen toler det og kollektivtilbodet er best. Utviklingsområde skal sikrast ny grønstruktur.

Byutviklinga skal leggje til rette for ein meir miljøvennleg by, som er meir energieffektiv, og der behovet for bilbruk blir redusert. Samtidig skaper fortetting ved knutepunkt og stasjonar opningar for attraktive byområde som integrerer bustader, arbeidsplassar og kultur, og det gir grunnlag for

handel og service. Oslo skal vere ein open og innovativ by med framtidretta arkitektoniske løysingar som fornyar måten vi bur og lever på.

Fortettinga skal først og fremst skje innanfrå og utover langs banenettet. Oslo Høgre vil halde fram transformasjonen av tidlegare nærings- og industriområde oppover i Groruddalen, frå det som allereie er sett i gang blant anna på Ensjø og Løren, i retning Ulven og Vollebekk. Det vil gi ein tettare og meir urban bystruktur og få ein forsterka samanheng mellom indre og ytre by.

For å utvikle byen i moderne og berekraftig retning vil Oslo Høgre derfor

- fullføre Fjordbyvisjonen med nye kulturbygg og bustader
- føre vidare det regionale plansamarbeidet med Akershus fylkeskommune
- gi fleire høve til å eige eigen bustad
- fortette og byggje i høgda i nærleiken av kollektivknutepunkt
- byutvikle og fortette området rundt Oslo S med fleire høghus
- starte arbeidet med ein ny disposisjonsplan for Sørkedalen for å sikre ei levande bygd, men innanfor dei naturgitte grensene
- vidareføre områdesatsingar i Groruddalen, på Tøyen og i Oslo sør etter ei grundig evaluering i samarbeid med staten
- ta vare på dei samanhengande småhusområda som Oslo enno har, Småhusplanen gir viktige rammer for fortetting i framtida
- gjennomføre trafikkanalysar i småhusområda for å sikre trygg avvikling av gjennomfartstrafikk
- gjennomføre fleire transformasjonsprosjekt for byutvikling
- jobbe for meir variert bustadbygging som rekkjehus og småhus i Groruddalen

Klima- og energivennlege bygg

For at vi skal nå klimamåla, er det avgjerande at bygningane i byen er energieffektive og miljøvennlege. Oslo kommune er ein stor eigedomseigar og eigedomsutbyggjar og må bruke denne posisjonen til å fremme innovative miljøvennlege løysingar i eigedoms- og byggjebansjen.

For å byggje nye energivennlege bygg og renovere eksisterande bygningar vil Oslo Høgre derfor

- at alle nye kommunale bygg og alle bygg som skal totalrehabiliterast, skal ha passivhusnivå, eller at Klima- og energifondet skal gi støtte til fornybare energiformer som sol og vind og andre energisparande tiltak
- krevje utfasing av oljefyring ved større ombyggingar av eksisterande bygg
- byggje ut straumsystem som tillèt tilbakeføring på straumnettet i minst éin bydel for å oppfordre til utbygging av alternative energikjelder
- oppmuntre til fleire «grøne tak» i indre by

Ein sykkelvennleg by

Sykkelen er byens mest miljøvennlege transportmiddel. Å sykle, anten det er til jobb eller til skule, er sunt for helsa og bra for miljøet. Dei viktigaste tiltaka for å gjere Oslo til ein meir sykkelvennleg by er å byggje eit nettverk av sykkelveggar inn mot sentrum av byen og sørge for at syklistar trygt kan dele bygatene med gåande, bussar og bilar. Har du sykla inn til byen, skal du finne ein trygg stad å setje frå deg sykkel.

For å skape ein sykkelvennleg by vil Oslo Høgre derfor

- byggje ut eit samanhengande heilårsnettverk av sykkelveggar inn mot sentrum på dei neste fire åra
- ha betre brøyting og feiing av gang- og sykkelveggar
- redusere fartsgrensa utanom hovudvegane i indre by, slik at bilar og syklistar kan dele gatene
- byggje fleire sykkelparkeringsplassar ved kollektivknutepunkt og i sentrum av byen
- utvide bysykkelordninga utanfor Ring 2, spesielt ved studiestader og større offentlege institusjonar, og til å kunne brukast av alle over 16 år
- byggje to sykkelekspressveggar inn til Oslo sentrum
- merke opp eksisterande og nye gang- og sykkelstigar med eigne felt for gåande og syklande
- oppheve forbodet mot å sykle til skulen
- prioritere markerte framfor fysisk utskilde sykkelveggar i utbygginga av sykkelveggar i indre by for å få fortgang i prosessen og betre tilkomsten raskare

Meir miljøvennleg bilkøyring

Ein moderne kollektivtrafikk og betre framkomstforhold for sykkel vil gjere at færre er avhengige av å bruke bil i framtida. Likevel vil bilen vere eit uunnverleg transportmiddel for mange av oss også i åra som kjem. For at bilparken i Oslo skal vere mest mogleg miljøvennleg og moderne, skal vi gjere det attraktivt å gå over til bilar med låge utslepp av klimagassar som skaper minst mogleg lokal forureining som vegstøv, partiklar og klimagassar.

Folkeliv i byen inneber at butikkar, restaurantar og kontor må få varer leverte og avfall henta. Varelevering er ein føresetnad for ein levande by, og det er derfor viktig at transportnæringa har gode vilkår. Innbyggjarane i byen treng handverkartenenester, og handverkarane må kunne parkere.

For å gjere biltrafikken meir miljøvennleg vil Oslo Høgre derfor

- innføre miljødifferensiering i bomringen for å stimulere fleire bilistar til å gå over til miljøvennlege bilar
- ha differensierte satsar i bomringen for tungtransport, slik at denne transporten i størst mogleg grad skjer utanom rushtida
- redusere passeringsavgifta i bomringen på tider av døgnet med mindre trafikk
- setje opp fleire ladestasjonar for elbil over heile byen og sørge for ladestasjonar på innfartsparkeringar
- at verksemdene i kommunen fullfører overgangen til nullutsleppsilar
- etablere fleire bilfrie gater i sentrum og stengje enkelte gater i rushtida for personbilar for å gjere det lettare å komme fram for buss og trikk
- reservere enkelte gateparkeringsplassar for bilar som inngår i ei bildelingsordning
- byggje ut parkeringskapasitet under bakken knytt til dei store ringvegane og tunnelane for å frigjere areal på gateplan, blant anna ved å byggje parkeringshus under Fritjof Nansens plass, Tullinløkka og Youngstorget
- innføre dynamisk prising av gateparkeringsplassar for å utnytte kapasiteten i gatenettet betre
- utvide den noverande parkeringsnorma for å auke talet på parkeringsplassar under bakken
- sikre tilstrekkeleg mange gateparkeringsplassar for å imøtekomme behovet til bebuarar, næringsdrivande og gjestande
- gi fordelar til klimavennlege varebilar i sentrum
- ha reduserte fartsgrenser utanfor hovudvegane for å gjere det mindre attraktivt med gjennomkjøring i bustadområde og nær skular
- endre regelverket for drosjer slik at dei ikkje kan nytte tomgangskøyring om sommaren, og innføre krav om null- eller lågutsleppsstandard for alle nye drosjer
- byggje planfrie overgangar ved knutepunkt som Vinderen, Slemdal og Holtet
- oppheve dagens løyveordning for drosjer og erstatte denne med ei godkjenningsordning for drosjesentralar og ei sertifiseringsordning for kvar enkelt sjåfør
- byggje lokk eller tunnel over delar av E6 i Groruddalen for å leggje til rette for nye byutviklingsprosjekt

Blågrøne Oslo

Marka og byparkane er Oslos grønne juvelar som gir alle oss som bur i byen, naturopplevingar, mosjon og rekreasjon rett utanfor stovedøra. Gjennom aktiv bruk sørgjer vi for det beste vernet av dei viktigaste rekreasjonsområda våre. Befolkningsveksten gjer det endå viktigare å verne grøntområda slik at alle får sjansen til å nyte parkane og naturen i byen også i framtida.

For å ta vare på og utvikle det blågrøne Oslo vil Oslo Høgre derfor

- ta vare på parkar og grøntområde i byen og verne dei mot utbygging
- verne marka gjennom aktiv bruk og derfor tillate at det i nokre områder i den bynære marka blir sett opp installasjonar til bruk i idrett og annan aktivitet
- ha eigne område for lufting av hundar i dei største parkane, og elles innføre bandtvang året rundt i parkane i byen
- arbeide for at fleire av strendene i byen skal tilfredsstillere dei internasjonale miljøkrava for Blått Flagg-sertifisering
- setje av areal til offentleg tilgjengelege parkområde ved alle større områdeutbyggingar

Moderne og berekraftig avfallshandtering

Alt hushaldsavfall i Oslo skal gå inn i ei krinsløpsbasert avfallshandtering der avfall blir kjeldesortert og deretter resirkulert eller energigjenvunne. Varmen frå forbrenninga av avfall skal gi miljøvennleg fjernvarme til oppvarming av bygg og redusere bruken av oljefyrt oppvarming. Biogassen frå avfallet skal brukast som eit miljøvennleg drivstoffalternativ for bussane i byen.

For å sikre miljøvennleg handtering og utnytting av avfallet vårt vil Oslo Høgre derfor

- gjere kjeldesortering i hushald, offentleg verksemd og næringsverksemd obligatorisk
- supplere søppelbøttene i gatene og parkane med små returpunkt for glas, plast, papir og tomflasker og auke kapasiteten på desse
- prøve ut ei eiga ordning med returpunkt for kjeldesortering av glas og metall i sameige og burettslag
- redusere avfallsgebyr til sameige og burettslag som installerer nedgravne og lukka avfallsbingar
- at alle større bustad- og næringsprosjekt skal installere avfallssug

Tryggleik i kvardagen

Oslo skal vere ein trygg, sikker og rein by for alle som bur her, og for dei som gjestar byen. Gjennom målretta førebyggjande arbeid og eit politi som er der når vi treng det, skal Oslo vere ein storby der alle føler seg trygge. Ingen delar av byen skal ha lovause rom, og politiet må ha som ambisjon å etterforske all kriminalitet, også kvardagskriminalitet.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for ein tryggare by er

- synleg politi i heile byen
- aktivt og oppsøkjande førebyggjande arbeid blant barn og unge
- effektivt og godt reinhald og god opplysing av gater og byrom

Eit politi som er til stades

Politiet skal vere der for oss når vi treng det. Mange opplever at det er for lite synleg politi i gatene, og at etterforskingsskapasiteten er avgrensa. På grunn av dei korte avstandane mellom driftseiningane i Oslo bør vi slå saman einingar for å frigi politiresursar til dei viktigaste oppgåvene. Ute i bydelane bør det vurderast mindre politipostar med god forankring i lokalmiljøet.

Oslo har dei siste åra utvikla seg til å bli ein storby på linje med andre byar i Europa. Med denne utviklinga kjem det også nye former for kriminalitet, som trafficking, narkotikasal og organisert tigging. Dette er utfordringar som i norsk samanheng er spesielt krevjande i Oslo, og som krev at staten medverkar, blant anna gjennom løyvingar til politiet.

For å styrkje Oslo-politiet vil Oslo Høgre derfor

- redusere talet på driftseiningar i Oslo-politiet
- ha fleire mindre politipostar rundt i byen der dei har kjennskap til lokale forhold
- styrkje valds- og sedskapsavsnittet slik at dei også får høve til å jobbe førebyggjande mot seksualbrottsverk
- at kamp mot openlys narkotikaomsetning skal prioriterast
- forby tigging

Ein god oppvekst for barn og ungdom i byen

Oslo skal vere ein trygg by som det er godt å vekse opp i. Eit godt samspel mellom kommunen og familien, lokalsamfunnet og frivillige organisasjonar er avgjerande for at barn og ungdom får ein god oppvekst. Vi må førebyggje og redusere misbruk av alkohol og andre rusmiddel, ikkje minst blant barn og unge. Å førebyggje og hindre kriminalitet og negativ åtferd gir langt betre effekt enn å reparere skadane som kjem av kriminell åtferd.

For at alle barn skal få ein trygg og god oppvekst, vil Oslo Høgre derfor

- støtte Natteravnene og andre frivillige organisasjonar som driv førebyggjande arbeid
- slå hardt ned på sprittaxiar og anna sal av smuglarvarer
- stille krav til utelivsbransjen om strengare kontroll av legitimasjon
- styrkje rusfrie fritidstilbod til barn og ungdom

- ha nulltoleranse for bruk og omsetning av narkotika og alkohol ved alle ungdomstilbod
- stille krav om at utelivsbransjen straks skal rapportere omsetning og bruk av narkotika til politiet
- styrkje det tverrfaglege samarbeidet mellom barnevern, skulehelsetenesta, skule, barnehage og politi
- vidareutvikle SaLTo (Sammen lager vi eit trygt Oslo) – SaLTo-samarbeidet skal omfatte førebyggingstiltak mot radikaliserings og hatkriminalitet og støtte alle initiativ, også frå det frivillige, som viser til gode resultat

Trygge og reine byrom

Utforminga av byen påverkar innbyggjarane si tryggelsesoppleving. Ein lys og rein by blir også oppfatta som ein trygg by. Omsynet til tryggelse, særleg der den kan styrkjast gjennom belysning, skal vere ein sentral del av byplanlegging og utvikling av byrom og gater.

For å skape trygge byrom vil Oslo Høgre derfor

- vidareføre og styrkje Oslo vaktene for å skape tryggelse i bygatene
- betre belysninga og klippe og vedlikehalde buskar og tre langs gangvegar og i parker
- gjere det enkelt for innbyggjarane å melde frå om stader der dei føler seg utrygge
- stille krav om at sterkt påverka personar som oppfører seg ubehageleg, pågåande gateseljarar, trakasserande personar og personar som driver med påtrengjande seksal, skal kunne visast bort
- leggje til rette for å bruke byrom som av ulike årsaker blir liggjande tomme over lengre tid, til for eksempel leikeplassar og ballbingar

For å skape reine byrom vil Oslo Høgre derfor

- slå hardt ned på forsøpling, tagging og hærverk og gi gebyr for dette på staden
- stille krav til gardeigarar og grunneigarar om å halde orden og krevje gebyr av dei som lèt ting forfalle
- gjere det enkelt for innbyggjarane å melde frå om forsøpling og manglande belysning
- etablere fleire offentlege toalett ved parkane i byen
- ha eit effektivt system som sikrar store nok søppelkassar og tømning
- ha auka vedlikehald av byens gater og fortau
- medverke til etablering av fleire attraktive grøntområde

Livskvalitet og moglegheiter heile livet

Oslo skal vere ein by der vi føler oss trygge på eiga velferd, og der vi kan leve godt gjennom heile livet. Tilbodet til dei som treng hjelp og støtte, anten det er privat eller offentleg tenesteyting, skal vere forankra i relevant og oppdatert innovasjon og forskning for å sikre tilstrekkeleg god fagleg støtte og hjelp. Det å hjelpe menneske til å leve så sjølvstendig som råd medverkar til å realisere deira eigne ressursar og gjennom det skape eit meningsfullt liv. Byens velferdstilbod skal hjelpe flest mogleg til aktivisering, utdanning og arbeid.

Eldreomsorga skal vere tilpassa ønska og behova til den enkelte. Ved bruk av heimebaserte tenester og ny velferdsteknologi skal Oslo Høgre vere med på å utvikle tilbodet som morgondagens pleietrengjande og eldre kjem til å etterspørje. Alle gode krefter skal inviterast til å delta i utforminga av eldreomsorga i framtida. For å sikre verdigheit og sjølvstende for den enkelte er målet at flest mogleg skal kunne bu i eigen bustad så lenge som råd. Å bli gammal er ikkje synonymt med å vere pleietrengjande. Oslo skal ha eit mangfaldig offentleg velferdstilbod slik at personar i alle aldersgrupper med ulike tenestebehov kan leve eit aktivt liv.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for god omsorg og betre livskvalitet er

- at brukarane av velferdstenester skal ha fridom til å velje kven som skal yte tenesta
- at samspelet mellom offentlege, private og ideelle tenestetilbod skal vere best mogleg
- å satse på ny teknologi i velferdstenestene
- at brukarar av sosiale tenester skal møtast med respekt og oppfølging, men også krav og forventningar
- at brukarmedverknad blir styrkt både på systemnivå og på individnivå

Førebygging og folkehelse

Vi som bur i Oslo, har betre helse enn nokon gong. Sidan 1970-talet har forventale levealder i byen vår auka med nær åtte år for menn og nesten fem år for kvinner. I gjennomsnitt lever Oslo-borgarar stadig lenger, og vi får betre livskvalitet med god helse. Dei største helseutfordringane i åra framover vil vere livsstilssjukdommar som i stor grad kan førebyggjast med fysisk aktivitet og godt kosthald.

Grunnlaget for god helse blir skapt av kvar enkelt av oss. Vi vil ha fleire i fysisk aktivitet, blant anna gjennom å byggje gode sykkelveggar, leggje til rette for trening og mosjon i parkane i byen og auka bruk av fjorden og marka.

For å betre folkehelsa vil Oslo Høgre derfor

- leggje til rette for trening og fysisk aktivitet i parker og grøntområde i byen
- etablere fleire frisklivssentralar og andre lågterskelhelsetilbod
- vidareutvikle og vidareføre livsstils- og kosthaldsprosjekt

Helsehjelp når du treng det

Vi som bur i Oslo, skal alltid vere trygge på at vi får nødvendig helsehjelp og oppfølging når vi treng det. Rehabilitering må prioriterast høgare slik at flest mogleg av dei som har vore alvorleg sjuke eller skadde, kjem tilbake til eigen heim og det vanlege livet sitt og klarer seg lengst mogleg utan permanent plass i institusjon. Betre rehabilitering vil auke livskvaliteten for den enkelte.

Familiar med barn med funksjonsnedsetjingar skal prioriterast ved å sikre godt tilrettelagde, heilskaplege og koordinerte tenester. Barn med funksjonsnedsetjingar må sikrast oppfølging og eit godt habiliteringstilbod, slik at dei kan leve eit godt liv.

Oslo og Akershus opplever ein kraftig befolkningsvekst som også medfører press på sjukehuskapasiteten i hovudstadsområdet. Oslo Høgre vil medverke til å få på plass ein langsiktig plan for utvikling og forbetring av helse- og rehabiliteringstilbodet.

For å sikre eit godt helsetilbod til innbyggjarane i byen vil Oslo Høgre derfor

- byggje ei ny storbylegevakt knytt til eit akuttsjukehus
- styrkje tilbodet på kommunal akutt døgneining (KAD) på Aker helsearena
- sjå på korleis Aker igjen kan bli eit av Oslos lokalsjukehus
- vurdere inntaksområdet til Ahus, og sjå om delar av innbyggjarane i Groruddalen bør sokne til Ullevål, Lovisenberg eller Diakonhjemmet
- Styrkje dagrehabiliterings- og fysioterapitilbodet i bydelane for å sikre målretta og individuelt tilpassa behandling med kort ventetid
- styrkje helsestasjons- og skulehelsetenesta og sikre nødvendig tannhelseteneste til barn, unge og utsette grupper
- sikre alle økonomisk vanskelegstilte ein god stad å bu gjennom å oppfylle bustadbehovsplanen

Valfridom og kvalitet i eldreomsorga

Eldre menneske er ein ressurs for samfunnet og har krav på ein verdig alderdom med god omsorg. Oslo kommune skal utvikle nye former for omsorg og pleie og ta i bruk alternative buformer og ny teknologi slik at flest mogleg kan leve eit aktivt og sjølvstendig liv. Det er eit mål at flest mogleg kan bu i eigen heim så lenge som råd.

For å skape ei endå betre eldreomsorg vil Oslo Høgre derfor

- ha eit omsorgstilbod med både sjølveigde og leigde bustader
- at helsearbeidarar, både faglærte og ufaglærte, får tilbod om kompetanseutvikling og høve til vidareutdanning
- tilby tilsette på sjukeheimane og i heimetenesta fleksible og alternative arbeidstidsordningar, slik at fleire kan få tilbod om full stilling
- sikre tryggleik og stabilitet for dei som mottek pleie og omsorg, ved at dei må stå overfor færrest mogleg pleiarar
- styrkje valfridommen og spesialiseringa innan eldreomsorga ved at private og kommunale sjukeheimar og heimetenester i større grad får utvikle og spesialisere tilbodet sitt
- styrkje og utvikle seniorsentra til å bli eit endå viktigare samlingspunkt og tilbod for eldre
- sørge for at alle søknader om sjukeheimplass, heimetenester, Omsorg+ eller tilrettelagd bustad blir behandla innan tre veker, og at klagesaker blir avgjorde innan to veker
- styrkje og sentralisere opplæringa av tilsyna for heimetenester og sjukeheimar
- setje i gang eit prøveprosjekt med bukollektiv for eldre

- skilje bebuarar med demens frå andre bebuarar, også for å styrkje kompetansen om demens og for å gi meir spesialisert omsorg og stimulans
- satse på velferdsteknologi i kommunens behandlings- og omsorgstilbod
- vidareføre kompetanseoppbygginga i Oslos eldreomsorg. Aker helsearena kan vere ei eigna lokalisering for koordinering av dette arbeidet
- vidareutvikle kvalitetsmålingssystemet for på den måten å sikre at brukarar mottok tenester av ein kvalitet som tilfredsstillar måla for eldreomsorga

Tidleg innsats for god psykisk helse

Psykisk sjukdom har store kostnader for den enkelte, for pårørande og for samfunnet. Ein stor del av sjukefråværet i Noreg kjem av psykiske lidningar. Aktivisering og deltaking i samfunnet vil for mange vere den beste måten å førebyggje psykisk sjukdom på.

Lågterskeltilbod innanfor psykisk helse for barn og unge førebyggjer fråfall i skulen og reduserer faren for rusmisbruk, angst, depresjon og sjølv mord. Sjølv mord utgjør ca. 25 prosent av alle dødsfall blant unge under 25 år. Tidleg behandling kombinert med betre oppfølging av dei som er i risikogrupper, er avgjerande for å førebyggje psykiske lidningar og sjølv mord.

For å førebyggje og behandle psykisk sjukdom vil Oslo Høgre derfor

- at barn og unge som treng psykolog, skal kunne tilvisast frå fastlegen, skulehelsetenesta, studenthelsetenesta eller den lokale helsestasjonen og starte behandling innan tre veker etter tilvisinga
- styrkje psykologtilbodet i skulehelsetenesta
- at behandling startar så raskt som mogleg etter tilvising
- at lærarar i Oslo-skulen får opplæring i å sjå etter faresignala for psykisk sjukdom og å gripe inn tidleg ved teikn på sjølvskading og anna bekymringsfull åtferd
- utvikle eit samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og psykologar i bydelane for å styrkje innsatsen for sårbare barn og unge
- sikre god oppfølging av barn og unge som pårørande bl.a. gjennom å tilby bydelane opplæring og kompetansetilbod om pårørandearbeid
- ha ein nullvisjon for sjølv mord blant barn og unge
- innføre ein heilskapleg modell for sjølv mordsførebygging i Oslo-skulen

Ei betre rusomsorg

Rusomsorg begynner med førebygging og haldningsskapande arbeid. Førebyggjande arbeid føreset samarbeid mellom heim, skule, barnevern, politi, idrett og kulturliv. Rusførebyggjande arbeid blant ungdom er spesielt viktig fordi vi veit at tidleg bruk av rusmiddel gjer at mange får problem seinare i livet.

Sentrumsarbeidet, eit samarbeid mellom kommunen, politiet, Oslo universitetssjukehus og ideelle organisasjonar, er avgjerande for å løyse opp dei opne rusmiljøa i sentrum. Arbeidet medverkar til å gjere byen tryggare for alle, hindrar nyrekruttering og hjelper fleire i miljøet. Det må derfor utviklast vidare.

Ruspasientar som er motiverte og har behov for behandling, opplever ofte lang ventetid. Vi vil at fleire skal komme raskare til behandling, og at behandlinga skal vere tilpassa den enkelte. Når rusmisbrukarar er ferdige med behandlinga, er det viktig at dei får ein god og tilpassa bustad i eit rusfritt miljø, og arbeidet med butrening skal styrkjast. Vi meiner derfor at hjelp til sjølvhjelp skal vere førande, også innanfor rusomsorga.

For å få ei betre rusomsorg vil Oslo Høgre

- sørge for fleire tilpassa bustader både med og utan bemanning, også til pasientar med dobbeltdiagnose (rus/psykiatri)
- sikre at rehabiliterte rusmisbrukarar kan få bustad i eit rusfritt miljø
- sørge for beinveges overgang frå avrusing til rehabilitering og tilstrekkeleg ettervern
- samordne den kommunale bustøtta med sosialhjelpa
- at alle som ber om hjelp til avrusing, skal få det

Eit barnevern som spelar på lag med barna og familiane

Alle barn som bur i Oslo, har rett til ein trygg oppvekst. Barnevernet skal vere der for barn og familiar som treng hjelp. Barnevernet skal gi alle barn lik rett til vern utan omsyn til kulturell, økonomisk eller etnisk bakgrunn. Barn under barnevernets omsorg skal sikrast oppfølging som gjer at dei har like gode utsikter til utdanning og arbeid som andre barn.

For å styrkje barnevernet og gi alle barn ein god oppvekst vil Oslo Høgre derfor

- ha betre opplæring og oppfølging av fosterforeldre for å sikre kvalitet, kontinuitet og stabilitet i tilbodet
- at alle barnevernsbarn skal få skulegang og like sjansar til utdanning
- auke kvaliteten i barnevernet gjennom satsing på kompetanseheving blant medarbeidarane og ein dialog med brukarane og samarbeidspartnarane til barnevernstenesta
- etablere kvalitetsindikatorar for barnevernet og fosterheimstenesta
- styrkje kapasiteten på beredskapsheimar for dei mest sårbare barna
- tilby ettervern for barnevernsbarn fram til dei er 23 år, der ein aktivt må takke nei til ettervern etter fylte 19 år

Raskare ut i jobb

Arbeid og eiga inntekt styrkjer sjølvkjensla og sjølvrespekten og gir oss høve til å skape vår eiga framtid. Utanforskapet som mange opplever når dei er utan jobb, er ei bær for den enkelte og ein tapt ressurs for samfunnet. Den viktigaste støtta samfunnet kan gi den enkelte, er å tilby aktivisering, utdanning og arbeid. Oslo Høgre meiner derfor at det å stille krav gir sjølvrespekt – utan sjølvrespekt kan ingen endre åtferd.

For å gi fleire sjansen til å komme ut i jobb vil Oslo Høgre derfor

- innføre aktivitets- og møteplikt for alle sosialhjelpsmottakarar
- leggje vekt på opplæring, eventuelt omskolering, og tilrettelegging av arbeid for sosialhjelpsmottakarar
- at Oslo kommune som arbeidsgivar skal styrkje rekrutteringa av arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne og leggje til rette for fleksible arbeidstidsordningar for dei
- sikre at arbeidstrening i hovudsak skjer i ordinære bedrifter

Betre integrering gjennom toleranse og krav

Oslo er i dag ein moderne metropol i Europa, og meir enn kvar femte innbyggjar har innvandrarbakgrunn. Ulike kulturar er ein naturleg del av dagleglivet i byen og til føremon for oss alle. Samtidig skal vi ha ein tydeleg politikk i møte med dei utfordringane som følgjer med befolkningsvekst og nye kulturar. Innvandrarakar som kjem til Oslo, har til liks med dei som bur her frå før, eit sjølvstendig ansvar for å bli integrerte og ta del i det norske samfunnet.

Når den enkelte innbyggjaren eller familien møter utfordringar, skal dei få støtte gjennom målretta tiltak med tydelege krav frå samfunnet. Noreg er eit av landa i verda som har størst sosial mobilitet, men ein føresetnad for at vi skal halde fram slik, er deltaking i arbeidslivet. Eit arbeidsliv utan usakleg forskjellsbehandling er ein føresetnad for å lykkast med auka rekruttering av kvalifiserte innvandrarakar i arbeidsmarknaden. Velferdsordningane våre må òg vere innretta slik at dei motiverer til å ta del i arbeidslivet og til å stå på egne bein.

Dei siste åra har vist at heller ikkje vår by er skjerma frå religiøs og politisk ekstremisme. Oslo Høgre skal vere ei tydeleg røyst i kampen mot dette. Vi skal alltid forsvare det frie og opne demokratiet gjennom open debatt og ved å ta avstand frå alle former for ekstremisme og rasisme. I vårt fleirkulturelle samfunn må vi leggje vekt på samfunnskontrakten, der det ukrenkjelege individet og den personleg viljen til integrering er grunnleggjande.

For å betre vilkåra for innvandrarakar og sørgje for god integrering vil Oslo Høgre derfor

- samarbeide med skule, idrettsmiljø, nærmiljø, politi og barnevern for å kjempe mot all form for ekstremisme
- at rasisme og hets i Oslo-skulen skal handterast på lik linje med mobbing – mobbaren skal bere konsekvensane
- forsterke norskopplæring for minoritetsbefolkninga for å få fleire i arbeid

- at kommunen skal ha gode opplysningskampanjar om helsetilbod og generell folkehelse retta mot innvandrarakar og flyktningar
- stimulere til entreprenørskap og nettverksbygging
- vurdere å innføre eit tak på kor mye stønad den enkelte kan få, anten som eit maksimalt kronebeløp eller at talet på barn ein kan få støtte for, skal vere avgrensa
- gi meir finansiell støtte til organisasjonar som tilbyr kostnadsfri/rimeleg yrkesretta norskopplæring til registrerte arbeidssøkkjarar med opparbeidde trygderettar hos NAV

Smart by

Oslo skal ha internasjonalt konkurransedyktige rammevilkår for næringslivet. Kommunen skal saman med kunnskapsinstitusjonane og næringslivet i byen skape samarbeidsarenaer for nyetablering og på den måten medverke til verdiskaping og nye arbeidsplassar. Oslo kommune skal opplevast som effektiv, smidig og imøtekommande når publikum tek kontakt for å få informasjon, hjelp og service. Gjennom å satse på forenkling og digitalisering skal kommunen tilby smarte løysingar for innbyggjarar og næringsdrivande.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for å styrkje byens næringsliv er

- at kommunen er ein effektiv og løysingsorientert saksbehandlar og samarbeidspartnar
- å fremme innovative løysingar gjennom kommunens kjøp av varer og tenester
- å satse på ny teknologi i det kommunale tenestetilbodet
- at private og ideelle verksemdar skal ha ei sentral rolle i å utforme tenestetilbodet i Oslo i framtida

Eit skapande og konkurransedyktig næringsliv

Oslo konkurrerer med andre store byar i Norden og Europa om å vere ein attraktiv stad å investere, arbeide og oppleve. Føreseiele og trygg økonomisk styring av byen er viktig for næringslivet. Næringslivet skal møte ein moderne og effektiv kommune som gjer det enkelt å drive verksemd, anten bedrifta er nystarta eller etablert. Utanlandske bedrifter skal oppleve Oslo som ein internasjonal og nyskapande by det er naturleg å etablere seg i.

Oslo kommune er storinnkjøpar av varer og tenester. Kommunens innkjøp skal alltid forvalte fellesskapets pengar best mogleg og om mogleg brukast for å fremme innovasjon. Kommunen skal vidareføre samarbeidet med regionale og statlege aktørar om næringsutvikling og utvikle nye tiltak knytte til entreprenørskap, innovasjon og regionmarknadsføring. Oslo har eit mangfaldig næringsliv som kommunen oftare bør dra nytte av når oppgåver skal løysast.

For å styrkje konkurranseevna til næringslivet i byen vil Oslo Høgre derfor

- seie nei til å innføre eigeidomsatt
- at Oslo kommune i større grad inviterer leverandørar til å oppfylle behov og foreslå innovative løysingar, og at kommunen slepper til små innovative bedrifter i anbudsprosessar
- at Oslo kommune skal vere ein pådrivar for at forskingsmiljøa aktivt søkkjer å ta del i EU-program som styrkjer næringslivet
- bruke ulike former for offentleg-privat-samarbeid
- at dei kommunale anbudsprosessane skal forenklast
- at det offentlege skal vere ein støttespelar for sosialt entreprenørskap
- kjempe mot arbeidslivskriminalitet gjennom å stille klare krav til leverandørar til Oslo kommune og ved å styrkje samarbeidet mellom kommunale og statlege etatar
- leggje til rette for utvikling av næringsklyngjer

Eit levande bysentrum

Sentrum av Oslo skal vere attraktivt, reint og trygt for alle som ferdast og bur i byen. Bustader, butikkar, serveringsstader og kulturtilbod er det som gir byen liv. Oslo Høgre vil skape nye moglegheiter for kultur og næringsverksemd i byen. Vi ønskjer å leggje til rette for fleire opplevingar i byen gjennom å tillate at meir av byens offentlege rom blir brukt til festivalar og andre kulturarrangement.

Oslo Høgre meiner at eit mangfald av butikkar er viktig for bylivet i sentrum. For mange av butikkane i byen er det viktig at kundane kan parkere i nærleiken. Ein parkeringsplass i nærleiken

inneber som regel auka omsetning for butikkane. Mange som bur i byen, har behov for bil og må også ha tilgang til parkering i nærmiljøet.

For å halde på butikkar og liv i sentrum av byen vil Oslo Høgre derfor

- sørge for at det framleis skal vere parkeringsplassar i handlegater og bustadstrøk, blant anna ved å leggje til rette for at det i nye utbyggingar blir etablert fleire parkeringsplassar
- oppheve prøveprosjektet i Thereses gate snarast råd
- innføre meir fleksible skjenketider over heile byen så lenge det ikkje er til vesentleg sjenanse for bebuarar
- gjere det mogleg for fleire festivalar og andre kulturtilbod å bruke offentlege rom i byen
- leggje til rette for heilårsaktivitetar langs dei nye områda i fjordbyen
- at kommunale næringslokale ikkje skal stå unytta utan konkrete planar for framtidig bruk
- leggje til rette for meir fleksible opningstider for butikkar i Oslo, også på søndagar

Robuste bydelar

Drifta av Oslo kommune skal vere så effektiv og økonomisk ansvarleg som råd. Som innbyggjarar skal vi forvente same kvalitet og tilbod i kommunale tenester uavhengig av kvar i byen vi bur. Mange velferdstenester er avhengige av lokalkunnskap og nærleik til brukarane, mens andre tenester kan løysast best sentralt. Vi vil gå gjennom dagens oppgåvefordeling i kommunen slik at vi får ei best mogleg fordeling av ansvar mellom etatane og bydelane. Tenestetilbodet må ha felles krav til kvalitet, og det skal gjennomførast uavhengig kontroll.

For å gjere bydelane rusta til å løyse oppgåvene sine, og for å redusere administrative kostnader, vil Oslo Høgre vurdere å redusere talet på bydelar. Talet på bydelar må vurderas etter at det er gjort ein gjennomgang og evaluering av oppgåvefordelinga mellom bydelane og etatane.

For å heve kvaliteten på tenestene i kommunen og gjere drifta meir effektiv vil Oslo Høgre derfor

- gå gjennom storleik, styring og administrative og politiske oppgåver i bydelane og vurdere om dei bør endrast

Ein effektiv og brukarvennleg kommune

Kommunen skal vere open og tilgjengeleg, og innbyggjarane skal kunne gjere gode og informerte val for seg sjølv og sine nærmaste. Drifta av kommunen skal vere så kostnadseffektiv som råd, slik at skattepengane gir best moglege tenester for innbyggjarane. Gjennom effektivisering og digitalisering skal Oslo kommune gi innbyggjarane eit brukarvennleg tenestetilbod.

Mest mogleg av kommunikasjonen mellom kommunen og innbyggjarane skal vere digital, og det skal vere enkelt å ta kontakt med kommunen. I Oslo skal vi så raskt som råd ta i bruk nye løysingar som gir innbyggjarane ein enklare kvardag. Dersom fleire førespurnader blir handterte digitalt, vil kommunikasjonen med innbyggjarar og næringsliv bli enklare, raskare og mindre ressurskrevjande. Innbyggjarane sparer tid og ressursar. Det gjer også kommunen, som kan flytte ressursar frå administrasjon til tenesteproduksjon.

For å gjere dei kommunale tenestene meir brukarvennlege vil Oslo Høgre derfor

- at digitale løysingar på nett og mobil skal gjere det enkelt for innbyggjarane å finne fram i tenestetilbodet og å kontakte kommunen med spørsmål og andre førespurnader
- ta i bruk fleire nye digitale kanalar som gjer det mogleg å vende seg til kommunen også etter ordinær opningstid
- samarbeide med privat næringsliv og ideelle organisasjonar om å levere gode tenester
- at kommunikasjonen mellom innbyggjarane og kommunen som hovudregel skal skje digitalt
- at data som er utarbeidde av kommunen eller i kommunal regi, er tilgjengelege på nett og kan brukast fritt
- utvikle fleire heilelektroniske tenester der innbyggjarane får handtert førespurnadene sine der og då
- sikre valfridom for brukarar av kommunale tenester
- jobbe for at kommunal saksbehandling skal vere prega av ei "ja-haldning" og vere rask og effektiv
- gjennomføre ei kommersiell vurdering og eventuelt selje eigedom som ikkje bli brukt i den kommunale velferds- og tenesteproduksjonen

- stille miljøkrav ved alle kommunale anbod og innkjøp, til både produkt, tenester og transport
- ha blant landets lågaste gebyr på kommunale tenester
- mjuke opp arbeidstidsføresegnene slik at det er mogleg å tilby heiltidsstilling til dei som har ufrivillig deltidstilling
- innføre utvida opningstider og fleksibel kjernetid for medarbeidarar
- innføre årlege servicetestar av bydelens bestillarkontor for heimetenester og sjukeheims plass

Aktiv arbeidsgivarpolitikk

Oslo kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette som leverer tenester av høg klasse. Oslo kommune har arbeidsgivaransvar for over 50 000 tilsette. Dei tilsette er heilt avgjerande for kvaliteten på tenestene og servicen som kommunen tilbyr innbyggjarane. Oslo kommune skal satse på kompetansebygging og systematisk ta i bruk ny teknologi. Gjennom god arbeidsgivarpolitikk skal Oslo kommune tiltrekkje seg dyktige fagfolk. Godt leiarskap gjennom målretta satsing på leiarutvikling skal medverke til dette.

For at Oslo kommune skal tiltrekkje seg, halde på og utvikle gode medarbeidarar vil Oslo Høgre

- at måla det blir styrt etter, skal vere overordna og meningsfulle for dei tilsette
- satse på dyktige leiarar og leiing som fag
- setje i verk systematiske kompetansehevingstiltak for dei tilsette
- utvikle ein god politikk for eit inkluderande arbeidsliv, slik at menneske med funksjonshemming får gode høve til å få ein tilrettelagd arbeidsplass i kommunen
- leggje til rette for at fleire seniorar skal ønskje å stå lenger i arbeid
- arbeide for å opprette fleire fulltidsstillingar
- at Oslo kommune gjennom personalpolitikken skal arbeide aktivt for å redusere sjukefråværet

Ein by rik på opplevingar

Oslo skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv. I byen vår skal vi kunne oppleve kultur og idrett av både lokalt og internasjonalt format. Alle skal ha høve til å delta i organisert idrett og oppsøkje friluft og mosjonere på eiga hand. Foreiningslivet er ein grunnpilar i samfunnet og gir vinning både for den enkelte og for fellesskapet. Vi må sørge for at flest mogleg kan delta i frivillig arbeid, og at frivillig sektor og det offentlege tenestetilbodet utfyller kvarandre best mogleg.

Oslo Høgres viktigaste tiltak for å styrkje kulturlivet og idretten er

- å ha nok scener og arenaer for utvikling og nyskaping i kulturlivet
- at kulturlivet har tilgang på gode støtteordningar, spesielt i oppstartsfasen av nye kulturtilbod
- å ha gode turstiar, sykkelveggar, leikeplassar og grøntområde
- å bygge fleire idrettsanlegg og sikre drift og vedlikehald av eksisterande anlegg
- å styrkje frivillig sektor i heile byen

Kulturopplevingar for alle

Oslo er landets viktigaste kultursentrum, med eit yrande mangfald av kunstnariske uttrykk som utgjer sjølvne beregjelken i byens levande kultur- og samfunnsliv. Eit rikt og mangfaldig kulturliv er viktig for oss som bur her, og for framtidig vekst i byen. Kulturen skal vere fri og uavhengig. Kommunens støtteordningar til kulturlivet må komme både dei små og dei store aktørane til gode.

For å styrkje kulturlivet i byen vil Oslo Høgre derfor

- opprette tidsavgrensa støtteordningar for nye kulturtilbod
- gi kulturlivet høve til å bruke kommunale bygg
- at nye Deichmanske hovudbibliotek skal vere ein samlingsstad og ein kunnskapsmotor for skulane og kulturlivet i heile byen og dessutan styrkje bibliotekfilialane i resten av byen
- at det nye Munch-Stenersen-museet skal bli eit museum i verdsklasse som forvaltar arven på beste måte
- fullføre Middelalderparken og opne dei gamle verkstadhallane for kunstnarar og utstillarar
- begynne prosjektering av eit nytt Vitensenter
- i større grad ta i bruk historiske bygg til kulturformål – det gjeld bygg som er kommunal eigedom, og som ikkje er i bruk eller står forlatne
- sjå på om det er mogleg å dreie delar av støtta til teaterkulturen frå driftsstøtte til produksjonsstøtte

Den aktive byen

Fysisk aktivitet, både organisert idrett, mosjon og friluftsliv, er viktig for livskvalitet og folkehelse. Nye idrettar og aktivitetar kjem til og veks raskt, og det krev større og raskare utbygging av anlegg. Fleirbrukshallar sikrar sambruk mellom ulike idrettsgreiner og bør derfor vurderast når nye anlegg skal byggjast.

For å styrkje idretten i heile byen vil Oslo Høgre derfor

- samarbeide med Oslo Idrettskrets om prioriteringane når midlar til nye anlegg og drift av eksisterande anlegg skal fordelast
- bruke driftsavtalar med lokale idrettslag for å skape meir effektiv drift av idrettsanlegg
- byggje fleirbrukshallar i tilknytning til nye skulebygg der det er behov og føremålstenleg
- sikre areal til idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i byutviklingsprosjekt
- sikre finansiering av nytt hovudbad på Tøyen og områdebad for å styrkje badetilbodet i heile byen
- ferdigstille nye Jordal Amfi
- styrkje satsinga på sjøidrettar som roing, kajakk og segling gjennom å sikre tilgang på areal for desse idrettane
- sørge for mangfald i idretts- og aktivitetstilbodet i bydelane gjennom å leggje til rette for mindre idrettar i kommunale idrettshallar/-anlegg, samarbeide tett med idretten lokalt og leggje til rette for eigenorganisert aktivitet i friområde og grøntområde der dette er mogleg
- oppgradere strendene med stupetårn, badebryggjer og liknande
- halde fram med å støtte tiltak der ski og turutstyr kan lånast for å oppmuntre nye grupper til å bruke marka og fjorden
- gjere det lettare å bruke fjorden gjennom å etablere fleire båtplassar, slik at ventetida for å få båtplass blir redusert
- etablere ei gjestehamn på Akershusstranda
- byggje skateboardbanar i randsona til marka
- samarbeide med Skiforeningen om å kartleggje eigna trasear og lage til skiløyper tilpassa barnefamiljar og andre rolegare skiløparar
- sikre tilbod for uorganisert aktivitet for barn og unge

Hovudstaden

Oslo skal vere ein by for heile Noreg. Som hovudstad og landets største by har Oslo unike utfordringar som berre kan løysas i samarbeid med nasjonale styresmakter. Oslo Høgre vil ha eit tett samarbeid med statlege styresmakter for å løyse desse oppgåvene.

For å løyse felles utfordringar for eit betre miljø vil Oslo Høgre

- at Statsbygg skal skifte ut oljefyrane med miljøvennlege alternativ i bygga sine i Oslo
- innføre miljøavgift på tungtransport for å få meir gods over på jernbane

For å løyse felles utfordringar for betre transport og kommunikasjon vil Oslo Høgre

- ferdigstille InterCity, inkludert Ringeriksbanen, innan 2023
- etablere innfartsparkering ved kollektivknutepunkt i og utanfor Oslo
- byggje ny bussterminal over togspora på Oslo S
- at Statens vegvesen sørger for nattparkering for tungtransporten og turistbussar utanfor byen, og at vi ikkje aksepterer parkering av tungtransport i bustadområde
- revidere den statlege premieringsordninga for kollektivtrafikk slik at det berre er talet på passasjerar og resultat som tel

For å løyse felles utfordringar for ein tryggare by og styrkje kampen mot kriminalitet vil Oslo Høgre

- at Oslo fengsel blir eit reint varetektsfengsel
- at byen framleis skal vere open og tilgjengeleg for publikum når bygningar og byrom skal sikrast mot terrorangrep

For å løyse felles utfordringar for betre integrering vil Oslo Høgre

- la barnetrygda opphøyre for foreldre som held barna ulovleg borte frå skulen
- stanse trygdeeksport og samarbeide med statlege styresmakter om dei utfordringane som oppstår i møtet mellom ein sjenerøs velferdsstat og ei stadig meir globalisert verd
- samarbeide med statlege styresmakter for å medverke til at asylinstituttet ikkje blir misbrukt i noka form, og at personar utan opphaldsløyve raskt blir sende ut av landet

- at dagens regelverk for busetjing blir ført vidare, slik at busetjing av flyktningar framleis skal vere ei frivillig oppgåve for kommunane

For å løyse felles utfordringar med eit inkluderande arbeidsliv vil Oslo Høgre

- ha ein kritisk gjennomgang av lovverket med aldersgrenser i arbeidslivet, med sikte på å fjerne lover og føresegner som gjer det vanskelegare for eldre å stå lenger i arbeid
- at ein øvre pensjonsalder framleis bør gjelde
- at Oslo kommune søker om å overta ansvaret for arbeidsmarknadstiltaka i NAV

Dessutan vil Oslo Høgre

- at Oslo kommune overtek ansvaret for distriktpsikiatrisk senter og barne- og ungdomspsykiatrien frå staten
- at Oslo får tilbake ansvaret for Familievernet frå staten
- at Politihøgskolen blir flytta frå Majorstua til Groruddalen